

Lye, Fellese og Helle

med Resvoll og Rydland mm.

gnr. 67, 68, 69

gard og slekt

Av Knut Raastad, april 2026



Sorenskrivargarden Lye. Foto frå Nordheradsprosjektet, Vågå historielags fotoarkiv.

Gnr. 67

Lye

Lye gnr. 67 bnr. 1 ligg i nedre Nordherad aust for Fellese. Lye er nemnd frå 1345 da som i Lygin, i Lyghine, a Lyghini, Lyghin, a Lyghinom, Lyginne, a Lygin i åra 1360-1367, Lygyne 1399, Liøen 1578, Lyen 1594, 1668, Lyenn 1604. I 1360-1362 er det i ulike skriv nemnd østre, nordre og søndre som viser at Lye da var delt i to.

Skattelista gjengjerden 1528 nemner brukaren Helly (Helge) Lian. I 1542 er nemnd at Lye tilhørde Mariakyrkja og seinare nemnd som bispestolens gods. Jordebok 1577 nemner Lye som halvgard. Jordebok 1598 og bygningsskatten 1604 viser at Lye da er vorte fullgard. Jordebok 1595 nemner Lye med 3 huder.

Landskatten 1610 nemner Sigward Lyen som tenestedreng, men skattelister 1612 til 1620 viser Siffuord Lyen som brukar på Lye. I 1617 er han nemnd som skyssbonde.

I 1621 er nemnd Peder Lyen som husmann eller inderst. Koppskatten 1645 nemner Peder Lye og hans hustru. I 1652-1665 er nemnd Peder Lye. I 1668 er nemnd Peder Lyes bu, så da var han død. Manntalet 1666 nemner at Lye var på 3 huder og oppsitjaren var Peder Enersøn f.ca.1589. Matrikkelen 1647 og 1668 viser oppsitjar Peder Lyen som brukte 3 huder som tilhørde bispen. Peder Lye hadde sønnene:

Ener Pedersen d.1665

Ola Pedersen f.ca.1624 d.før 1698, g.m. med Rønnaug Jakobsdtr. Kvarberg n.

Lars Pedersen f.ca.1645

Matrikkelen 1668 viser Noerdlij seter som sommarseter. I 1634 er Peder Lye nemnd da han fekk fyrstebysel av 3 skinn av Nadeliden som ligg til fjells.

Ener Pedersen d.1665 var gift med Kari Jakobsdotter Kvarberg n. dotter til Jakob Larsen Kvarberg n. f.ca.1575 d.ca.1660 og Rønnaug Ivarsdotter Sandbu ø-s f.ca.1594. Det var skifte etter Ener Pedersen i 1665. Ener og Kari hadde sonen:

Jakob Enersen d.1732, neste brukar

Etter at Ener Pedersen døydde i 1665 og faren i 1668 vart det enkja Kari Jakobsdotter som dreiv vidare. Men det ser ut til at ho bygsla berre halve garden, dvs. 1 ½ hud medan Lars Pedersen Lye også bygsla 1 ½ hud. Dette må vera bror til Ener. I 1689 er nemnd enkja og Lars Lye som brukarar. I 1720 fekk Jakob Enersen bygsel på den 1 ½ hud som Lars Pedersen hadde brukt. Skoskatten 1711 nemner både Lars, Kari og Jacob.

Jakob Enersen Lye d.1732, g.m. Gunhild Iversdtr. Fellese dotter til Iver Christensen Fellese 1665-1727 og Ingeborg Olsdtr. Storvik s. Jakob og Gunhild bygsla garden frå biskopen i Akershus stift, dei hadde 1 barn:

Karen 1723-1773, neste brukar

Karen Jakobsdotter Lye 1723-1773 vart 1742 gift med Johannes Iversen Kvarberg n. 1720-1802 son til Anne Hansdtr. Kvarberg 1695-1772 og Ivar d.y. Johannessen Sandbu ø-n d.1727/1728. Ungkar Johannes Iversen overtok bygsla av Lye i 1742, same året som han gifta seg med dotter til dei førre bygslarane. Karen og Johannes hadde 9 barn:

Anne f.ca.1742 d.1805, g.m. Ola Engebretsen Brattland (Valde søre) 1737-1812

Gunhild 1747, truleg gift med Johannes Iversen

Jakob f.1749, neste brukar

Gunhild f.1752

Ivar 1755-1798, g.1780 m. Imbiør Andersdtr. Strand ø f.ca.1757 d.1821. Husmann på Vang Rønnaug 1757-1814, g.m. Syver Knutsen Grev 1757-1834. I Grev.

Kari 1760-1782, g.m. Iver Jakobsen Kvarberg n. 1750-1796. På Kvarberg n.

Åste 1762-1763

Lars f.1764 truleg død som soldat i 1809

Også bror til Johannes Iversen Kvarberg, Hans Iversen 1727-1776 er nemnd som Lye. Han vart gift med Gunhild Jonsdtr. Viste nordre f.ca.1733 d.1814.

Jakob Johannessen Lye f.1749 overtok bygselen av Lye i 1778. Han vart 1776 gift med Marit Andersdotter Strand ø. 1755-1786. Dei hadde 1 barn:

Kari f.1785

Jakob vart 1789 gift på nytt med Mari Olsdotter f.ca.1766. Jakob var i 1801 husmann med jord på Rundhaugen under Lye.

Jakob Johannessen avstod i 1786 Lye til Knut Jonsen Mo, også skrivi som Knut Johansen. Dette er truleg Knut Johannessen Mo f.1749, sjølv om folketelling 1801 nemner Knut Jonsen som fødd i 1739. Knut hadde sonen Erik Bakken i Skårvangen 1785-1849 med Anne Jørgensdtr. Bakken.

Knut Johannessen Lyen 1749-1825 var gift med Mari Hansdotter Viste nordgard f.1761, dotter til Hans Iversen 1727-1776 og Gunhild Jonsdotter f.ca.1733 d.1814 (Hans Iversen var som nemnd bror til Johannes som bygsla Lye frå 1742. Mari og mannen overtok såleis bygselen frå syskjenbarnet hennar.) I 1820 er Knut Johannessen nemnd som brukar på Lye da han det året festar bort Vang. Knut døydde i 1825. Knut og Mari hadde 7 barn:

Johannes 1789-1846, ugift

Hans 1790-1845, ugift

Aase f.ca.1794, g.1829 m. Hans Olsen Rusneslien

Gunhild f.ca.1796, g.m. Guttorm Pålsen Frisvoll (Lom) 1793-1819, til Romsdalen 1838

John f.1798

Rønnaug f.etter 1801

Ragnhild f.etter 1801, ug. i 1826

I 1827 er Lye av sorenskrivar Bjerregaard nemnd som embetsgard, men Bjerregaard var da på Uleberg.

Sorenskrivar Jens Mathias Berbm 1792-1858 tok i bruk Lye som sorenskrivargard. Berbm var sorenskrivar i Nord-Gudbrandsdal frå 1831 til 1847. I 1833 lånte han 500 Spd frå Opplysningsvesenets fond til bebyggelse, kanskje var dette den store hovudbygningen som står der enda. Lånet skulle betalast av Berbm og etterfølgjande sorenskrivarar. Det var fortsett bispestolen som eigde Lye, d.v.s. at det vart betalt bygsel til bispestolen. Jens Mathias Berbm var gift med Antonætte f. Boeik, dei hadde sonen

Anton Valdemar f.1822

Jens Mathias Berbm var gift på nytt med Ingeborg Fredrikke Broch, dei hadde barna

Emilie Adelaide 1833-1833

Adolf Andreas 1836-1837

Adolf Andreas f.1838

Neste sorenskrivar på Lye var Rasmus Hansen 1797-1861, bondeson frå Oppdal. Han var stortingsmann 1839-1842 og ei periode i 1848. Han var sorenskrivar på Lye frå 1848 til han døydde i 1861.

Fredrik Wilhelm Weidemann 1818-1902 var sorenskrivar 1861-1862. Etter Vågå var han fleire gonger stortingsmann og sorenskrivar fleire stadar, sist som fast sorenskrivar i Solør.

Otto Christian Ottesen 1818-1900 var sorenskrivar 1862-1874, han vart i 1875 utnemnd til sorenskrivar i Trøgstad. Ottesen var ugift i 1865.

Axel Aagaard Hansten 1822-1880 var sorenskrivar 1875-1880, han kom frå Drammen som sakfører. Ektefelle var Emma Hansten frå Lier, og dei hadde dottera

Adeleide f.1859.

Elsedor Anton Albrechtson 1830-1882 var sorenskrivar 1881-1882.

Anders Frederik Klem 1826-1884 var sorenskrivar 1883-1884, han var tidlegare sakfører i Kongsvinger.

Walter Schott Dahl 1839-1906 var sorenskrivar 1884-1889. Han var statsråd, deltok som aktor i Riksretten i 1884 og enda som lagmann i Gulatinget.

Christian Frederik Hagemann 1838-1925 var sorenskrivar 1889 til 1897 da han vart utnemnd til byfogd i heimbyen Kristiansand.

Didrik Christian Schönøyder var sorenskrivar frå 1897 til 1907 da han vart utnemnd til sorenskrivar i Nes på Romerike. Han var gift med Mari Kalinka f.1852, dei hadde dottera

Anna f.1877

Kristian Fleminius Qvigstad 1848-1923 var sorenskrivar frå 1907 til 1918 da han vart utnemnd til sorenskrivar i Follo og flytta til Drøbak. Kona døydde i Vågå i 1916.

Sigurd Holaker f.1867 frå Lesja var sorenskrivar 1918 til 1921 da han vart utnemnd til sorenskrivar i Nord-Hedmark og flytta til Hamar. I hans tid vart det sett i gang sal av Lye.

22.12.1922 er det nemnd ein kongeleg resolusjon om konsesjon for bankkasserar T. O. Lunn og truleg har han hatt hand om Lye og leigd bort til Per Visdal som i 1923 kjøpte nordgard Valde. Per Visdal 1890-1975 var gift med Embjørg O. Skrinde 1894-1975, dei hadde 3 barn:

Anne 1919-1992, g.m. Kristian Brenden 1924-2008

Marie f.1919, g.m. Bjarne Groven f.1922

Agnes f.1922, g.m. Kolbjørn Grindvold

I 1923 fekk Knut Flatmo konsesjon og kjøpte Lye med kongeleg skjøte for kr 47100,-. Knut Flatmo hadde tidlegare vore på nordgard Valde og «bytte» såleis med Per Visdal.

Knut Jakobsson f.1862 var frå Sagflaten i Lom. Han vart 1884 gift med Guri Erlandsdotter f.1856 på nørde Råsbakken. I 1880- og 90-åra var dei på Flatmo i Lia i Lom, og i 1900 på Døsen i Fåberg. Knut var og emisær for indremisjonen.

I 1929 vart Lye skjøta frå enkja Guri E Flatmo til Ola I Flatmo for kr 30000,-, herav for lausøyre kr 10000,-. Knut Flatmo var onkel til Ola Flatmo. Ola Flatmo 1883-1966 var frå Olsonstugu i Lia i Lom, son til Ivar Jakobsson Flatmo 1854-1942 og Marit Olsdotter Olsonstugu 1856-1915. Ola I Flatmo vart 1908 gift med Else Paulsdotter Austrem 1874-1942, dei hadde 2 barn:

Guðrun Flatmo 1908-1981, g.m. Anton Ryen 1894-1968, budde ei tid på Lye, barna var

Olav 1931-1968, Kari 1934-2013, Sigmund f.1935

Kari Flatmo 1911-1990, på Lye til 1942, ho hadde dottera Magnhild f.1934

I 1942 vart Lye skjøta frå Ola Flatmo til professor dr. Ewald Bosse f.1880 og Margit Bosse f.1883 for kr 45000,-.

Kaptein Olav H. Asgard 1892-1968 kjøpte Lye av Ewald Bosse i 1949. Han vart 1941 gift med Anne Keventer.

Eigar 1957-1987 var Ragnar Andresen 1917-1986 frå Tønsberg, g.1941 m. Sigrid Nilsen f.1917 frå Åsgårdstrand.

Forpaktar 1958-1981 var Arne Iversen 1921-1981, han vart 1948 gift med Oddbjørg Lyngved (Lom) 1929-1984. Dei flytte til Kokkehaugen. Arne og Oddbjørg hadde 3 barn:

Torill Iversen f.1949 g.m. Magnar Kolden

Knut Iversen f.1956, g.1979 m. Karin Solbakken f.1959. Knut dreiv jorda på Lye 1982-87.

Gunn Iversen f.1960

Eigar frå 1987 var Sigmund Ryen 1935-2020, son til Anton Ryen 1894-1968 og Gudrun Flatmo 1908-1981, dotter til Ola Flatmo som eigde Lye 1929-1942. Sigmund Ryen vart 1964 gift med Liv Karin Fjellberg, Dal på Eidsvoll f.1942. Dei har 3 barn:

Gorm f.1965

Ulf f.1968, neste brukar

Anton f.1971

Ulf Ryen f.1968 overtok frå 2006.

I 1668 vart det på Lye fødd 24 fe, det var 3 hestar og det vart sådd 9 tønner.

I 1865 var det på Lye 4 hestar, 12 kyr, 16 sauer og 3 grisar. Det vart sådd 8 5/8 tønner bygg, 2 tønner havre, ½ tønne erter og 18 tønner poteter.

Kjelder:

P.Ø.Kvarberg 2000: Slektar i Vågå og Lom, Slekten på Nigard Kvarberg, Lyerekken

Norske Gardsbruk 1953-1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark frå folketellingar og kyrkjebøker, avskrifter tingbøker mm.

Gunnar Ottoson, Jutulen 2009: Sorenskrivere i Nord-Gudbrandsdalen etter 1579

Jon Kolden 2002: Bygdabok for Lom 2

1881.no

Gjengjerden 1528, koppskatten 1645, matrikkel 1647, manntal 1666, matrikkel 1668, skoskatten 1711

O. Rygh: Norske Gaardnavne / Diplomatarium Norvegicum

Folketeljing 1865

Jakup Skjedsvoll: avskrifter jordebøker mm.

Tore H Vigerust: Kilder til Gudbrandsdalens gårds- og slektshistorie 1500-1700

Tor Stallvik: diverse slektstavler

Gnr. 68

Fellese

Fellese gnr. 68 bnr. 1 ligg i nedre Nordherad. Fellese er nemnd frå 1325 da oam a Fillinsin, a Fillens 1446, Fyllensø 1482, Fyllensø og Fillensø 1527, Fisleo 1528, Fillennbøe 1480, Følenndtzø 1557, Fellingsø 1578, Fyllensø 1594, Fyllesøe 1604, Filingsøe 1668, Fillingsøe 1723.

Skattelista gjengjerden 1528 nemner brukaren Thorer Fialeso. Jordebok 1577 og seinare viser at Fellese var fullgard og at av dette var 1 hud Hamargods, dvs. tidlegare Hamar bispedømme.

Landskattelister 1610 til 1620 viser Gunder Fillensøe, i 1627 er han nemnd som lensmann. I 1615 er nemnd at han saman med sine medeigarar hadde 2 ½ hud odelsgoods i Fellese, medan han i 1624 var eigar av 3 huder.

Koppskatten 1645 nemner Hans Fillingsøe og hans hustru, Hans er nemnd som lensmann i 1645. Matrikkel 1647 nemner Fillingsøe som fullgard på 4 huder, brukaren Hans eigde saman med sine medarvingar. Av manntalet 1666 og matrikkelen 1668 går det fram at Fellese var rekna som fullgard og hadde skyld 5 huder der oppsitjaren Hans eigde 2 huder 10 skinn og Ragnhild Klombstad eigde 2 skinn (sum 3 huder), medan prestboldet eigde 1 hud og kongen ½ hud 18 mrk. fisk. Hans Gunnarson Fellese 1593-1675 var gift med Gunhild Olsdotter Øi nedre, dotter til Ola Larsen Øi. Dei hadde 4 sønner:

Christen 1624-1702, neste brukar

Johannes f.ca.1627 d. før 1697, g.m. Anne Jonsdtr. Helle f.1625/1630 d. før 1697, til
Einarsvoll

Erland f.ca.1631

Gunder f.ca.1646

Matrikkelen 1668 nemner at Fellese hadde Rusli seter til sommarseter.

Christen Hansen Fellese 1624-1702 overtok Fellese ved skifte etter faren i 1675. Christen var g.m. Kari Jonsdtr. Helle f. ca. 1625 d. etter 1702 dotter til Jon Eriksen Helle f.ca. 1585 d. før 1656 og Rønnaug d.y. Ivarsdtr. Sandbu ø-s 1598-1659. Christen og Kari hadde 2 barn:

Iver f.ca. 1665 d.1727, neste brukar

Rønnaug f.ca. 1670 d.1746, g.m. Knut Olsen Storvik s. 1670-1752

Iver Christensen Fellese 1665-1727 overtok 3 huder odelsgoods i Fellese ved skifte etter foreldra i 1702. Iver var g.m. Ingeborg Olsdtr. Storvik s. dotter til Ola Knutsen Storvik f.1637 d.før 1702 og Åste Olsdtr. Valde s. f.ca.1650 d.1712. Iver og Ingeborg hadde 8 barn (skoskatten 1711 nemner Iver og 9 barn):

Aaste f.ca.1690, g.1721 m. Erik Jonsen Helle f.ca.1690, på Helle, barnlause

Christen f.ca.1695 d.1762, neste brukar

Ole f.ca.1698 d.1775, g.m. Ragnhild Amundsen Viste ø., på Viste

Jon f.1701

Hans f.1703

Ole d.y. f.1703

Gunhild truleg g.m. Jakob Enersen Lyen d.1771/72

Imbiør f.ca.1706 d.ca.1773, g.m. Jon Endresen Strand m. f.ca.1701 d.1762

Kongen selde sin del i Fellese ½ hud 18 mrk. fisk i 1692 til Margareta Wilders, enkje etter Frederick Werdelman, desse var rikfolk i København. Dette tilsvarar 1 hud og må vera seld til brukaren Iver Christensen fyrst på 1700-talet, for han overtok 3 huder i 1702 og etterlet seg 4 huder i 1727.

Christen Iversen Fellese f.ca.1695 d.1762 overtok Fellese 4 huder 6 skinn med skjøte frå medarvingane i 1727. Inkl. i dette må vera Ripstrond på 6 skinn som låg under Felles, fyrst med bygsel frå 1631. I 1728 fekk Christen bygsel på 1 hud frå presten. Christen var g.m. Ingrid Tordsdr. Romundgard 1693-1731 dtr. til Tord Torstensen Sandbu d.1719 og Ingeborg Pålsdr. Romundgard d.1730. Christen og Ingrid hadde 2 barn:

Ingeborg 1723-1844

Ingeborg f.1726

Christen vart gift på nytt med Ingeborg Amundsdr. Viste ø, dtr. til Amund Olsen Viste ø. og Marit Hansdr. Christen og Ingeborg hadde 5 barn:

Iver 1735-1802, neste brukar

Kari 1737-1792, g.ca.1755 m. Jon Hansen Valde n. 1723-1813, på Valde n.

Ingrid 1738-1822, g.m. Knut Olsen Sande 1740-1812, på Sande

Amund 1746-1787, g.1773 m. Ingrid Jonsdr. Svare, kjøpte Lyngved sørstuen i Lom

Hans f.ca.1750 d.1826, g.1785 m. Imbiør Guttormsdr. 1760-1847, på Hammer n.

Iver Christensen Fellese 1735-1802 fekk i 1762 skjøte frå faren på 4 huder i Fellese, samtidig fekk han bygsel frå presten på 1 hud. Iver var g.m. Anne Pålsdr. Tofte 1736-1792, dtr. til Pål Simensen Tofte 1690-1765 og Kari Iversdr. Kleppe n. f.1693. Iver og Anne hadde 7 barn:

Kari 1762-1834, neste brukar

Christen 1762-1763

Hans 1764-1787

Imbiør 1767-1776

Ragnhild 1770-1848, g.m. Simen Pålsen Tolstad 1767-1849. På Øi og Viste n.

Guri f.1772 d.etter 1801

Ingrid 1776-1844, g.1802 m. Tord Tordsen Romundgard (Sel) 1776-1851. På Romundgard.

Kari Iversdr. Fellese 1762-1834, g.m. Anders Olsen Raastad sygard 1756-1841, son til Ola Olsen Raastad 1715-1797 og Randi Andersdr. Sunde (Øi) 1724-1805. Kari og Anders dreiv truleg både Fellese og Raastad, men dei hadde ikkje skjøte på Fellese. Kari og Anders hadde 8 barn:

Ola 1780-1816, neste brukar

Iver 1784-1808, ugift

Hans 1788-1825, g.m. Guri Iversdr. Lunde nig. 1792-1840. Til Raastad

Ragnhild 1791-1869, g.m. Syver Johnsen Blessum s. 1792-1827, på Blessum

Ola d.y. 1796-1859, ugift

Anne 1799-1852, ugift

Kari 1803-1880, ugift

Iver d.y. 1805-1832, gjekk gjennom isen på Vågavatnet på veg til Garmo og drukna

Ola Andersen Fellese 1780-1816, gift 1805 med Guri Pålsdr. Tolstad 1779-1810, dtr. til Pål Hansen Tolstad 1734-1812 og Mari Pålsdr. Tofte 1736-1807. Ola fekk skjøte frå morfaren Iver Christensen Fellese i 1800, og bygsla 1 hud frå presten i 1806. Ola og Guri hadde 1 barn:

Kari 1810-1886, neste brukar

Kari Olsdtr. Fellese 1810-1886 arva Fellese da faren døydde i 1816, men leigde bort til bestefaren Anders Olsen Raastad på 5 år. Kari vart i 1834 gift med lensmann i Vågå Hans Olsen Walle (frå Toten) 1808-1880, son til Ole Hansen Gaarder f.1756 og Birte Jensdtr. Hans Walle eigde Valle på Lena frå 1840, men selde garden i 1844. Hans Walle kjøpte frå kongen i 1841 1 hud i Fellese som hadde tilhøyrd Vågå prestebol. Kari og Hans hadde 8 barn:

Ole August 1834-1907, neste brukar

Beatha 1837-1897, g.1870 m. Ole Olsen Lunde nig. 1834-1912, overtok Sørsum som lensmann Walle hadde kjøpt

Iver Theodor 1839-1889, sakfører i Vågå, ugift

Anton Wilhelm Walle 1842-1917, g.m. Julie Andrea Mynstner f.1845. Prest i Nesna og seinare Holla (Telemark)

Caroline 1845-1902, g.1874 m. Ole Johnsen Blessum s. 1846-1913

Georgine Marie 1847-1900, ugift

Hans Olous 1849-1849

Hanna Gyda 1852-1920, ugift

Ole August Walle 1834-1907, gift 1859 med Kari Thorsdtr. Svee 1839-1920, dtr. til Thor Andersen Svee 1799-1873 (gammelkremaren) og Kari Olsdtr. Sandbu s-n 1806-1896. Ole August og Kari var barnlause, og som enkje selde Kari garden til Syver Enersen Ryen.

Syver Enersen Ryen 1855-1946, son til Einar Syversen Ryen (Hovda) 1821-1900 og Barbro Syversdtr. Faukstad 1824-1885. (Far til Einar var Syver Andersen Svee, bror til Thor Svee. Dermed var Einar syskjenbarnet til Kari Walle). Syver Ryen var g.m. Kari Hansdtr. Haugen (Harlaugsæter) 1864-1912, dei hadde 8 barn:

Einar 1886-1973, neste brukar

Hans 1888-1980, g.m. Kari Hansdtr. Helleløyken (Runningen) 1889-1947. På Rydland.

Barbro 1892-1972, g.m. Torsten Rolvsen Fritsvold 1887-1977, på Strand m. (Mestrand)

Anton 1894-1968, g.m. Gudrun Olsdtr. Flatmo 1908-1981. Kaptein, Stortingsmann.

Mari 1897-1980, g.m. Johannes Paulsen Flatum 1897-1979. På Flatum.

Kristian 1900-1978, ugift.

Iver 1905-1968, g.m. Ingrid Rasch 1905-2001. Lærer.

Kari 1907-1993, g.m. Erik Bjørnstad (Ø.Slidre)

Einar Syversen Ryen 1886-1973, g.1918 m. Marit Edvartsdtr. Ekren (Ekrom) (Sel) 1890-1932. Einar og Marit budde på Ekrom, dei hadde 5 barn:

Kari f.1920

Sverre f.1921

Edvard f.1924

Bjarne f.1926

Magnhild f.1930

Einar Ryen selde Fellese i 1923 til Rolv Vaagaasar. Rolv Vaagaasar 1887-1937 frå Lom vart 1921 gift med Marit Hansdotter Sandbushaugen 1890-1958, dtr. til Hans Sandbushaugen og Marit Holen. Rolv og Marit hadde 3 barn:

Julie 1922-2017, neste brukar
Mari 1927-2012, g.m. Olav Ryen 1931-1968
Hulda 1928-2018 g. Pedersen

Julie Vaagaasar 1922-2017 vart gift 1952 med Anders Øien 1921-1993 son til Ola Myrum f.1891 og Ragnhild Øien f.1897. Julie og Anders overtok Fellese i 1956 og hadde 1 barn:
Liv f.1953, neste brukar

Liv Øien f.1953, gift 1974 med Ola Hanslin f.1934, son til Hans Hanslin 1897-1977 og Line Kleiven 1907-1965. Liv Hanslin overtok Fellese i 2004. Ola og Liv Hanslin har 2 barn:

Julie f.1975
Hans Anders f.1976

Julie Hanslin har 2 barn:

Emil f.2004
Alexander f.2009

I 1668 vart det på Fellese fødd 46 fe, det var 7 hestar og det vart sådd 14 tønner.

I 1789 var det på Fellese 40 mål åker, ca. 160 da engeland, 6-7 hestar, 30 hornkveg og 40-50 småfe. Det vart sådd 10 tønner, etter skaden av Ofsen kunne det såast 8 tønner.

I 1865 var det på Fellese 10 hestar, 56 kyr, 70 sauer, 23 geit og 7 grisar. Det vart sådd ½ tønne rug, 24 tønner bygg, 1 ½ tønne blandingskorn, 1 tønne havre, ½ tønne erter og 14 tønner poteter.

Kjelder:

P.Ø.Kvarberg 2000: Slektar i Vågå og Lom, Slekten på Fellese med Sygard Raastadrekken
Slekten på Sygard Storvik med Rusnes-, Aaseng- og Garmosgrenen

Norske Gardsbruk 1953-1997

Gjengjerden 1528, koppskatten 1645, matrikkel 1647, manntal 1666, matrikkel 1668, skoskatten 1711

O. Rygh: Norske Gaardnavne / Diplomatarium Norvegicum

Folketeljing 1801, 1865, 1875, 1900

1881.no

Jakup Skjedsvoll: avskrifter jordebøker m.m.

Opplandsarkivet Vågå: avskrifter pantebøker, skifter, kyrkjebøker, skadetakst Storofsen mm.

Tore H Vigerust: Kilder til Gudbrandsdalens gårds- og slektshistorie 1500-1700

Felleselykkja

Felleselykkja gnr. 69 bnr. 2 (også skrivi Fillingsøløkken) ligg i øvre Nordherad mellom Resvoll og Stavseng.

Felleselykkja var husmannsplass under Fellese. Manntalet 1666 nemner husmann på Fellese Ole Arnesøn f.ca.1605 med dottersonen Jens Svendsøn f.ca.1656, men det er usikkert om dette var her.

Soldat Halvor Andersen f.ca.1712 d.1773 vart i 1739 gift med Thorø Thoresdotter. Dei er nemnde i Felleselykkja frå 1743. Halvor og Thorø hadde 7 barn:

- Kari f.1739, g.m. Svend Sætte
- Ragnhild f.1743, g.m. Jacob Olsen Nyløkken
- Anders 1747-1814, neste brukar
- Tore 1750-1781
- Ole 1752-1754
- Ole f.1755
- Anders 1761-1763

Anders Halvorsen Felleselykkja 1747-1814 kjøpte i 1796 Rusnes og budde der ved folketellinga i 1801, men alt i 1802 selde han den garden. Liste over husmannspenger nemner Anders Halvorsen frå 1776 og utover, han er også nemnd att i 1805. Anders var gift med Gunhild Christoffersdotter f.ca.1751 d.1827, dei hadde 3 barn:

- Torø f.ca.1779
- Gunhild f.ca.1780
- Halvor f.ca.1785 d.1861, neste brukar

Halvor Andersen Fillingsøeie f.ca.1785 d.1861 er nemnd som husmann da han gifta seg i 1816. Halvor var gift med Aaste Nilsdotter Strand n. 1791-1881 dotter til Nils Fredriksen Lunde Strand n. 1764-1854 og Ymbjør Larsdtr. Øi ø. (Haugøy) 1761-1851. Halvor og Aaste hadde 6 barn:

- Gunhild f.1816, g.m. Ola Jonsen Brattland 1813-1872. I Dalen og på Ulsbu.
- Anders 1818-1819
- Anders 1821-1903, neste brukar
- Ingeborg f.1823, g.1849 m. Ole Pedersen Sandbusgarden f.ca.1820. På Berge u. og USA.
- Nils 1825-1903, g.1852 m. Eldri Syversdtr. Moen f.ca.1818 d.1890
- Ola 1832-1909, g.1857 m. Anne Nilsdtr. Moen 1834-1887. I Jukulen.

Anders Halvorsen Felleselykkja 1821-1903 vart 1852 gift med Ymbjørg Olsdotter Pressmoen 1822-1902 dotter til Ole Larsen Kleiveneie 1797-1877 og Anne Arnesdtr. Prestgardseie 1796-1867. Folketeljinga 1865 nemner Felleselykkja og Stordalen som eitt bruk. Stordalen ligg i Synsli og vart truleg brukt som seter. Anders og Ymbjørg hadde 2 barn:

- Anne 1862-1946, neste brukar

Anne d.y. 1864-1937, g.m. Ola Olsen Løkken (Skogbygdsløkken, frå Lom) 1873-1955

Anne Andersdotter Fillingsøløkken 1862-1946 vart 1888 gift med Kristoffer Paulsen Løkken 1855-1932 son til Paul Paulsen Løkken (Kaalstad – Tolstadeie) 1821-1899 og Ingrid Christoffersdtr. Stadeie n. 1822-1894. Anne og Kristoffer hadde 2 barn:

Ymbjørg 1889-1980, ugift

Ingrid 1892-1982, neste brukar.

Felleselykkja gnr. 68 bnr. 2 vart i 1913 frådelt frå Fellese gnr. 68 bnr. 1 med skjøte til Ingeborg (Ymbjørg) Fillingsøløkken for kr 2500,-. Men Ymbjørg overtok ikkje Stordalen gnr. 121 bnr. 1, det selde Kristoffer Felleseøløkken i 1927 til Hans Brenden.

Ingrid Fillingsøløkken 1892-1982 var gift med Hans Evensen Skredemellem (Heidal) 1896-1988 son til Even Hansen Skredemellem (Bråten) f.1873 og Gina Halvorsdtr. f.1875. Ingrid og Hans overtok med skjøte i 1925 for kr 4500,- etter Ymbjørg 1889-1980. Ingrid og Hans hadde 5 barn:

Kristian 1923-2016, ugift.

Edvin 1925-2018

Harald 1926-2006, ugift.

Astrid 1928-2002, g.m. Harald Dalestuen 1920-1967

Gunnar 1930-2012, neste brukar

Gunnar Skredemellem f.1930 vart 1960 gift med Anne Mosebakken / Granli (Heidal) f.1937 dotter til Elton Mosebakken n. f.1902 og Inga Mosebakken ø. f.1904. Gunnar og Anne har 3 barn:

Inge f.1961, neste eigar

Egil f.1963, sbm. Anita Tangen

Hans Ivar f.1968, var g.m. Bjørg Grønli

Ei tid var Felleselykkja bortforpakta til Eivind Øvrelid f.1953, Bjørg Fritsvold f.1954 og Rune Hatleli. Bjørg Fritsvold og Rune Hatleli har barna

Liv f.1983

Øyvind f.1985

Eldri f.1988

Inge Skredemellem f.1961 var eigar 1984-1987. Han var sb.m. Heidi Stade f.1965 og har dottera

Anne Grethe f.1982

Inge var seinare gift med Karin Løkken. Barn:

Kim Stian f.1996

Emil Andre f.1998

Anne Skredemellem f.1937 var eigar av Felleselykkja frå 1987 til ho i 2000 selde til Nina Gaukstad f.1966. Jorda vart seld som tilleggsjord til Rydland. Nina Gaukstad har barna:

Morten
Even f.1989
Simen
Brage f.2003

I 2005 selde Nina Gaukstad Felleseelykkja til Morten Liebe f.1956.

Morten Liebe selde til Karin Pedersen f.1961 og Tore Juland f.1961 i 2017.

I 1865 var det i Felleseelykkja 1 hest, 12 kyr, 19 sauer, 9 geit og 1 gris. Det vart sådd 1/5 tønne rug, 2 1/2 tønner bygg og 2 1/2 tønner poteter.

Kjelder:

Norske Gardsbruk 1953-1997

P.Ø.Kvarberg 2000: Slektar i Vågå g Lom, Slektar på Nordre Strand

Slektar på Sygard Storvik med Rusnesgrenen, Aasenggrenen

Opplandsarkivet Vågå: Familieark, avskrifter panteregister, grunnbok, liste husmannspenger til kyrkja mm. 1881.no

Folketelling 1865, 1875, 1900

Torgrim Hegdal

Strind

Strind (også kalla Fellese-Strind) mellom Valde og Fellese i nedre Nordherad var eit bruk som tilhørde Randen i baksida. Anders O. Randen kjøpte udyrka areal frå Fellese og rydda og bygde eit bruk der. Skylddeling av gnr. 68 bnr. 3 og skjøte frå Syver Ryen til Anders O. Randen for kr 650,- er tinglyst 22.12.1915 / 8.1.1916. Seinare er det kjøpt attåt gnr. 68 bnr. 6. Aust for gjerdet i Strind er det tomt etter ein låve, dette tyder på at området i Strind tidlegare var brukt som slåttland av Fellese.

Strind vart brukt saman med Randen ved at dei flytte i mellom Strind, Randen og Randsetra. Stugu i Randen vart fyrst opptømra i Strind, men vart ikkje sett heilt i stand før ho vart flytta til Randen rundt 1960. Men i Strind var det ei anna mindre stugu og eit lite fjøs. Anders Randen 1870-1955 og ektefelle Ymbjørg f. Dalen 1881-1972 hadde barna Ola 1902-1978, Hans 1904-1961, Ragnhild 1909-1976, Knut 1915-1994 og Anton 1921-1992. Anton overtok i 1955.

Fyrst på 1950-talet budde Gunnar Resvold og familien i Strind. Frå midt på 1950-talet og til fyrst på 1960-talet leigde Ragna og Karl Sveum Strind. Ragna Hagen 1927-2008 kom frå Syhågå i Nordherad, ho vart i 1952 gift med Karl Sveum 1917-1991. Både medan dei var i Strind og seinare hadde Ragna og Karl to kyr og ein del geit, kanskje om lag 30 stk.

Vest for Fellese-Strind har sygard Valde eit jordstykke og ei hamnlykkje nemnd som Valde-Strind. Fyrst på 1960-talet (1963?) vart Fellese-Strind seld til sygard Valde og er i dag ein del av hamninga der.

Kjelder:

Kari og Even Hagen

Ola N Valde

Norske Gardsbruk 1953-1997

Panteregister

Hummelgarden

Hummelgarden er nørdest i Fellesejordet i nedre Nordherad. Dette var ei stugu utan jord ved gammelvegen ovanfor vegen som er i dag.

Ola Erlandson Løkken 1879-1940 var son til Erland Olsen Sønstelien (Kolbrenna) f.1847 og Gunhild Ivarsdr. Blankenborg (Strandstugun) f.1851. Ola var gift med Olea Knutsdr. Brenden 1891-1975 frå Brattlandhaugen, dotter til Knut Brenden. Ola og Olea budde fyrst i Kolbrenna, men flytta etter ei tid til Hummlgarden. Eldste sonen vart fødd i 1910, så da kan etableringa i Hummelgarden ha vore ei tid etter dette. Ola og Olea hadde 4 barn:

Einar, f.1910, til Canada i 1929. Slo seg til i Saskatchewan og vart gift der.

Marit, død 7 mnd. gamal

Magne f.1923, g.m. Tora Kolden (Lom) f. 1921. Bygde hus i Vågåmo i 1952 og bur der.

Mora Olea flytta også dit.

Kristian f.1925-1987, g.m. Lucie. I Oslo.

Ei tid på 1950-talet (1954?) budde Ivar Olsen 1892-1958 og Margit f. Rustbakken 1917-2004 i Hummelgarden. Barna var:

Ingrid Rustbakken f.1937

Odd f.1943

Viktor f.1945

Ivar f.1947

Kjelder:

Johannes Haugstad, 1993: Varp og vefv

Asbjørn Kvarberg

Olav Kvarberg

Rydland

Gnr. 68 bnr. 5 vest for Brattland i øvre Nordherad vart frådelt frå Fellese med skylddeling tinglyst 12.4.1924. Skjøte 20.3.1924 frå Einar Ryen som da var eigar av Fellese til broren Hans Ryen for kr 2450,-.

Hans Syversen Ryen 1888-1980, son til Syver Einarsen Ryen 1855-1946 og Kari Hansdtr. Harlaugsæter 1864-1912 som hadde kjøpt Fellese. Hans var gift med Kari Hansdtr. Helleløyken (Runningen) 1889-1947, dtr. til Hans Olsen Ødegården (Runningen) 1862-1939 og Anne Knutsdtr. Helleløyken 1859-1933. Hans og Kari bygde opp eit nytt bruk, dei hadde 3 barn:

- Sigurd 1919-2010 neste brukar
- Helge 1921-1946
- Knut 1923-2000

Sigurd f.1919 overtok i 1953. Han var gift med Mari H Kleiven (Jordet) 1920-1992, dtr. til Hans P Kleiven og Mari O Sveen. Sigurd og Mari hadde 2 barn:

- Kari f.1947, g.m. Steinar Morken
- Helge f.1953, neste brukar

Helge Ryen f.1953 overtok i 1992. Han vart 1975 gift med Svanhild M Bakken f.1956, dtr. til Magne Bakken f.1928 og Ragnhild Visdal f.1930. Helge og Svanhild har 3 barn:

- Stein Magne f.1975
- Rune Morten f.1979, neste brukar
- Hans Erik f.1989

Rune Morten Ryen overtok etter foreldra i 2016. Han er g./smb. Med Ingrid Amrud f.1977 frå Fåvang, dei har 2 barn:

- Idun f.2006
- Torjus f.2011

Kjelder: 1881.no

Norske Gardsbruk 1953-1997

P.Ø.Kvarberg 2000: Slekter i Vågå g Lom, Slekten på Sygard Storvik med Rusnes-, Aaseng- og Garmosgrenen
Slekten på Fellese med Helle-, Helleløyken- og Resvoldrekken

Panteregister, grunnbok

Brennhaug

Brennhaug gnr. 68 bnr. 7 ligg i øvre Nordherad ovanfor Felleseelykkja. Reidar Valbjørsløkken kjøpte i 1946 jord frå Fellese gnr. 68 bnr. 1.

Reidar Valbjørsløkken 1920-1999 var frå nedre Valbjørsløkken, son til Jakob Valbjørsløkken f.1886 og Anne Lillesæter (Heidal) f.1890. Reidar vart 1947 gift med Marit Sæther (Gausdal) 1925-2015 dotter til Amund Ottosen Sæther f.1878 og Pauline Toftestuen f.1892. Reidar og Marit hadde 3 barn:

Björg f.1947, g.m. Asbjørn Almberg

Finn f.1949, g.m. Britt Jørgensen, g.2m. Ann Helen Søberg

Turid f.1953, g.m. Per Birger Aabakken f.1949

Erik Aabakken f.1975 overtok etter bestemora Marit Valbjørsløkken i 2012. Erik Aabakken er son til Turid f.1953 og Per Birger Aabakken. Erik har sonen
Erland f.2006

Kjelder:

Norske Gardsbruk 1953-1997

Opplandarkivet Vågå: familieark, avskrifter grunnbok, pantebøker mm.
1881.no

Liasætervegen 6

Gnr. 68 bnr. 10.

Syver f.1930 og Magna f.1937 Grevrusten bygde dette bustadhuset på 1960-talet. Dei har barna

Randi f.1956

Svein f.1957

Grete f.1958

Odd f.1960 g./sbm. Ingunn Eide

Marit g. Gipling

Stein Magne f.1971 g./sb.m. Elisabeth Holshagen

Kristian Mo 1905-1986 kjøpte huset på 1970-talet.

Eigarar frå 1982: Gunhild f.1927 og Kristen Øygarden 1927-2008.

Eigar frå 1994: Tor Engelsen

Eigar frå 2005: Kristin Akerhaugen. Ho har 3 barn:

Stine

Lise f.1990
Silje f.1993

Eigarar frå 2009: Dorota Beata Tessikowska f.1981 og Rafal Krzysztof f.1976, dei har 3 barn:
Julia f.2004
Amelia f.2005
Maja f.2017

Kjelder: 1881.no

Liasætervegen 12

Gnr. 68 bnr. 11.

Grete f. Resvold f.1956 og Geir Selmo f.1952 bygde dette bustadhuset på 1970-talet. Dei har 2 barn:

Elin f.1974 g./sb.m. Ole Chr. Strømstad
Ronny f.1976

Kjelder:

Norske Gardsbruk 1953-1997

Liasætervegen 36

Gnr.68 bnr. 12.

Finn Valbjørgsløkken f.1949 bygde dette bustadhuset ca. 1980. G.m. Britt Jørgensen, g.2.m. Ann Helen Søberg, barna er

Roar f.1968
Rita f.1969
Frode f.1982
Anne Marit f.1985

Asbjørn Almberg overtok i 1987, han er gift med syster til Finn, Bjørg f. 1947. Dei har 2 barn:

Ann Britt f.1969
Jonny Andre f.1972

Kjelder: 1881.no

Norske Gardsbruk 1953-1997

Øvre Nordheradsvegen 358

Gnr. 68 bnr. 13.

Anne f.1937 og Gunnar Skredemellem 1930-2012 bygde dette bustadhuset ca.1981.

Guro f. Høibø f.1957 og Gunnar Frydenlund f.1959 kjøpte huset i 1990. Dei har 3 barn:

Irja f.1991

Mali f.1992

Patrick f.1997

Kjelder: 1881.no

Øvre Nordheradsvegen 280

Gnr. 68 bnr. 17, tomt frådelt frå Rydland.

Overført til Stein Magne Ryen f.1975 og Linda Ryen f.Skjåk f.1977 i 2012. Dei har 3 barn:

Tuva f.2003

Vilde f.2006

Tiril f.2009

Kjelde: 1881.no

Gnr. 69

Helle

Helle gnr. 69 bnr. 1 ligg i nedre Nordherad ovanfor Fellese. Helle er nemnd frå 1355. I 1428 er nemnd nedre Helle, det må dermed ha vore to gardar. Helle vart skrivi som Hellien i 1558, Hellenn 1578, Hellenne 1594, Hilden 1604, Helden 1668, 1723.

Skattelista gjengjerden 1528 viser brukaren Per Lax som truleg var på Helle. Jordebok 1577 og seinare samt bygningsskatten 1604 nemner Helle som fullgard.

Jon Trondsen Helle f.ca.1515 d.før 1573, han var son til Trond Endridsson Tynnøl. Jon var gift med Anne Eriksdtr. Glømmen i Øyer og dei budde på Glømmen. Jon Trondsen var eigar av 4 huder i Helle. Jon og Anne hadde mange barn, bl.a.

Erik f.ca.1548

Erik Jonsen Helle f.ca.1548 d.før 1611 var gift med Jøa, dei hadde 4 barn:

Jon f.ca. 1585, neste brukar

Anne f.ca.1585, g.m. Knut Ingulshus Dovre f.ca.1580

Ingebjørg f.ca. 1585/1590 d.etter 1664, g.m. Knut Olsen Storvik f.ca. 1580/1590 d.før 1664

Kari f.ca.1590, g.m. Jakob Sørem d.før 1645

Landskatten 1610 og utover viser Jonn Helden som brukar, han er i 1615 nemnd som eigar av 2 huder 10 skinn i Helle. Trond Valbjør eigde 1 hud i Helle, i 1624 er ikkje dette nemnd men dottera Gunhild Trondsdr. Valbjør eigde ½ hud i Helle. Koppskatten 1645 nemner Jon Helden og hans hustru. Matrikkelen 1647 nemner Jon Helle som brukar av 5 huder, dette eig han sjølv saman med sine loddeiarar. Jon Helle er nemnd som lensmann i 1621. Jon Eriksen Helle f.ca.1585 var gift med Rønnaug d.y. Ivarsdr. Sandbu f.ca.1598 d.1659. Skifte 1659 viser skifte av 4 huder 1 skinn i Helle og 7 barn:

Erik f.1617, neste brukar

Tjøstel f.1618 d.etter 1702, g.m. Ingebjørg Jonsdr. Kleppe f.ca.1628 d.e.1702, på s.Kleppe Olluf

Gjøa f.ca.1620 d.e.1698

Kari f.ca.1625 d.etter 1702, g.m. Christen Hansen Fellese f.1624 d.e.1702

Anne f.1625/1630 d.før 1697, g.m. Johannes Hansen Fellese f.ca.1627 d.før 1697, til
Einarsvoll

Rønne f.ca.1630

Av manntalet 1666 og matrikkelen 1668 går det fram at Helle var reknea som fullgard med skyld 6 huder. Oppsitjaren Erik Jonsen Helle f.1617 eigde 1 ½ hud 4 skinn medan reisten er nemnd som bondegods. Jordebok 1661 viser fleire eigarar som truleg er andre i familien: Siver Øvreøy og Pål Harildstad 1 hud, Jens Belle 4 skinn, Ole Arnekleiv 3 skinn, Ole Helle 1 hud, Anne Jonsdr. ½ hud, Rønnaug Jonsdr. ½ hud, Christen Fellese ½ hud, Sevald Blakar ½ hud. Erik var gift med Gunhild Rolvsdotter Blakar og i 1666 budde også bror hennar Ole Rolfssøn f.ca.1612 på Helle. Matrikkelen 1668 viser at Helle hadde sommarseter i Griningsdalen og vårseter var Hellesetra (truleg er dette setra i Nordheradslia, nå Resvoldsetra). Erik og Gunhild hadde barna:

Eli f.ca.1660

Jon Eriksen Helle f.ca.1666 d.etter 1723, neste brukar

Jon Eriksen Helle f.ca.1666 d.etter 1723, gift med Torø Torsteinsdr. Kleppe n. f.ca.1660 d.1695. Skoskatten 1711 nemner Jon Helle og 6 barn utan at vi har oversikt over så mange. Jon og Torø hadde 2 barn:

Erik Jonsen Helle, f.ca. 1690, neste brukar

Gunhild Jonsdr. Helle f.ca.1695, gift med Hans Hansen Valde n. f.ca.1685/1690 d.før.1738

Jon Eriksen Helle f.ca.1660 gift på nytt med Ragnhild Eriksdotter. Jon og Ragnhild skifta i levande live i 1723, dei hadde 4 barn:

Tora Jonsdr. F.ca.1700 d.etter 1755, g.m. Engebret Johannessen Valde f.ca.1690/1695

Ingebjørg f.ca.1700, g.1721 m. Tjøstolv Jonsson Kleppe f.1695-1765

Ola Jonsson f.1704/05 d.før 1746

Erik d.y. Jonson Helle f.1708 d.før 1746

Erik Jonsen Helle f.ca.1690 fekk skjøte på Helle 6 huder i 1724, det han ikkje arva sjølv kjøpte han av dei fem syskjena. Erik var gift med Aaste Iversdtr. Fellese f.ca.1690 dotter til Iver Christensen Fellese 1665-1727 og Ingeborg Olsdtr. Storvik s. Dei hadde ikkje barn, dermed arva systersonen Helle i 1749.

Hans Hansen Valde n. 1721-1780 var son til Hans Hansen Valde n. f.ca.1685/1690 d.etter 1754 og Gunhild Jonsdtr. Helle f.ca.1695. Hans 1721-1780 var gift med Ingeborg Christensdtr. Fellese 1726-1774, dotter til Christen Iversen Fellese f.ca.1695 d.1762 og Ingeborg Amundsdr. Viste ø. Hans overtok etter onkelen medan Aaste var tanta til Ingeborg. Hans og Ingeborg hadde 8 barn:

Aaste f.ca.1747/48 d.1814, g.1780 m. Ole Olsen Holen f.1752/53 d.etter 1814. Husmann i Hellelykkja.

Gunhild f.ca.1754 d.1782, ugift

Ingrid 1754-1853, g.m. Knut Pålsen Kaggerud (Heidal) 1752-1828

Ingrid d.y. f.1757 d.før 1780

Erik 1761-1841, neste brukar

Hans 1765-1852, g.m. Kari Johannesdtr. Valde n. 1764-1834, husmann på Resvoll

Ymbjør f.1769

Tord

Erik Hansen Helle 1761-1841 fekk skjøte på Helle i 1783, han var gift med Marit Knutsdtr. Siem (Huden) 1766-1808, dotter til Knut Gudbrandsen Huden 1721-1804 og Aagot Olsdtr. 1729-1774. Erik og Marit hadde 10 barn:

Imbiør f.1783, d. som barn

Hans 1786-1831, neste brukar

Aagot 1792-1880, g.m. Arne Jonsen Råstad n. f.ca.1764 d.1836. På nordgard Råstad.

Marit f.1789 d. som barn

Marit d.y. f.1794 d.1858, g.m. Ole Olsen Austrem f.1792

Ingrid 1797-1841, g.m. Jon Jonsen Mo 1792-1864. På Garmo nordstuen. Dottera arva Helle.

Imbiør 1800-1877, g.1820 m. Erik Pålsen Blessum n. 1794-1872

Imbiør d.y. 1802-1842, g.1824 m. Guttorm Olsen Aasaaren (på Råstad n) 1794-1875

Knut 1805-1809

Ener 1808-1876, g.m. Aagot Hansdtr. Valde n. 1796-1861, g.2.gong m.Ingrid Hansdtr.

Tessneset 1829-1911

Hans Eriksen Helle 1786-1831 fekk skjøte på Helle 6 huder i 1804. Han vart 1808 gift med Ragnhild Andersdtr. Sunde 1786-1864, dotter til Anders Johannessen Sunde 1758-1828 og Aase d.y. Olsdtr. Raastad s 1751-1815. (Ragnhild var gift på nytt med Pål Olsen Slette 1797-1853, barnlause). Hans og Ragnhild var barnlause og adopterte Hans si systerdatter Ragnhild Jonsdtr. Garmo 1829-1904 som derfor overtok Helle.

Ragnhild Jonsdotter Garmo 1829-1904 var gift med Ole Gudbrandsen Snerle m. 1837-1904, son til Gudbrand Tordsen Snerle 1801-1846 og Kari Olsdtr. Slette 1801-1861. Barn:

Hans 1859-1931, g.1884 m. Mari Hansdtr. Tolstad 1853-1897. Til Snerle m.

Gudbrand f.1861, studerte ved veterinærskulen i Skara, med fullførte ikkje. Til USA

Ragnhild 1863-1942, g.m. Pål d.y. Hansen Tolstad 1856-1916. På Tolstad.

Pål 1866-1948, neste brukar

Kari 1870-1948, g.m. Pål Knutsen Stokstad nedre 1861-1946. På Stokstad.

Torsten 1870-1871

Pål Olsen Helle 1866-1948 var gift med Mari Andersdtr. Rusnes 1867-1953, dotter til Anders Iversen Stokstad og Barbro Knutsdtr. Rusnes 1832-1917. Pål og Mari hadde 5 barn:

Ragnhild 1893-1928, ugift.

Kari 1895-1975, ugift, neste brukar.

Barbro 1897-1980, ugift, neste brukar

Marit 1900-1980, gift med Nicolay Bø (Gausdal) 1890-1960, sonen deira overtok Helle Ole 1902-1905

Kari og Barbro overtok Helle med skjøte frå faren i 1946. I 1958 overtok Pål Bø f.1933 Helle etter tantene.

Pål Bø 1933-2021 vart 1958 gift med Aase Kleiven, Sel 1931-2005, dotter til Jakob H. Kleiven f.1901 og Rønnaug Sørli f.1900. Dei hadde ei dotter:

Mette Ragnhild f.1963, neste brukar

Mette Ragnhild Helle f.1963 overtok Helle i 2003. Ho var gift med Lars Nordby, Gjøvik f.1948. Dei har ein son:

Pål Kristian f.1991

I 1668 vart det på Helle fødd 45 fe, det var 8 hestar og det vart sådd 10 tønner.

I 1865 var det på Helle 7 hestar, 34 kyr, 55 sauer, 20 geit og 9 grisar. Det vart sådd 1 tønne rug, 9 tønner bygg og 8 tønner poteter.

Kjelder:

P.Ø.Kvarberg 2000: Slektar i Vågå og Lom, Slektar på Fellese med Helle, Helleløkken- og Resvoldrekken

Slektar på Valde søre

Slektar på Mo

Slektar på Kleppe

Norske Gardsbruk 1953-1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark frå folketellingar og kyrkjebøker, panteregister mm.

Folketeljing 1801, 1865, 1875, 1900

Gjengjerden 1528, koppskatten 1645, matrikkel 1647, manntal 1666, matrikkel 1668, skoskatten 1711, matrikkel 1719

O. Rygh: Norske Gaardnavne / Diplomatarium Norvegicum

1881.no

Jakup Skjedsvoll: avskrifter jordebøker m.m.

Resvoll

Resvoll gnr. 69 bnr. 3 ligg i øvre Nordherad mellom Felleseelykkja og Fjellheim.

Hans Hansen Helle 1765-1852 var husmann på Resvoll under Helle. I liste over husmannspenger til kyrkja er i 1780 nemnd under Helle ein Hans Hansen, om dette er same personen var han berre 15 år da han vart husmann under faren på Helle. Hans var son til Hans Hansen Helle (frå Valde n.) 1721-1780 og Ingeborg Christensdtr. Fellese 1726-1774. Hans 1765-1852 var gift med Kari Johannesdtr. Valde n. 1764-1834. Hans og Kari hadde 8 barn:

Ingebjørg f.ca.1789

Hans 1793-1871, neste brukar

Johannes f.ca.1795, g.m. Gunhild Beithaverløyken (Dovre)

Ole f.ca.1796 d.1882, g.m. Rønnaug Thoresdtr. Myrum n. 1801-1877, i Myrum n.

Erik 1799-1886, g.1828 m. Sigrd Syverdtr. Kviten 1804-1877, på Haugen s. i Skårvangen

Anne 1800-1868, g.1831 m. Ole Olsen Øiseie 1808-1868

Gunhild f.1804, g.m. Gunder Olsen Skjedsvoldhaugen

Ragnhild f.1808, legdslem på Sørem i 1875

Hans Hansen Resvoll 1793-1871 var gift med Ragnhild Hansdotter Svare 1796-1870, dotter til Hans Olsen Svare f.ca.1760 og Torø Jonsdtr. f.ca.1766. Hans og Ragnhild hadde 3 barn:

Hans 1821-1892, neste brukar

Hans d.y. 1824-1908, g.m. Julie Deichman 1831-1902. Kontorist, kopist i Justisdep.

Kari f.1827, ugift. På Øien i 1900.

Hans Hansen Resvoll 1821-1892 vart 1845 gift med Imbiør Olsdotter Austrem 1819-1899, dotter til Ola Olsen Austrem f.ca.1759 og Kari Jakobsdtr. f.ca.1763. Hans og Imbiør hadde 3 barn:

Ragnhild f.1845, til USA i 1872

Hans 1853-1939, neste brukar

Marie f.1862 d.etter 1900, ugift

Hans Hansen Resvoll 1853-1939 var gift med Gunhild Olsdotter Vabakken (Sundeeie) 1862-1946 dotter til Ole Arnesen Kveen f.1835 d.før 1875 og Anne Svendsdotter f.1839. Resvoll vart frådelt frå Helle med skylddeling i 1905 og skjøte tinglyst i 1906. Hans og Gunhild hadde 10 barn:

Hans 1884-1963, neste brukar

Ola 1885-1973, g.m. Anna Olsdtr. Einstulen 1901-1927

Imbiør f.1887, til USA

Anders 1889-1976, g.m. Rønnaug Olsdtr. Sælatungdalen 1906-1990

Ole 1892-1967, g.m. Mari Olsdtr. Storsteinrusten 1891-1978
Ragnhild f.1894, g.m. Simen Iversen Skjellum (Øien) f.1898
Ivar 1896-1979, ugift
Anne 1898-1918, ugift
Henrik 1900-1981, brukar frå 1948
Gunhild 1904-1989, g.m. Sigurd Syversen Grevrusten 1906-1971

Hans Hansen Resvold 1884-1963 overtok etter foreldra med skjøte i 1925, han var ugift. I 1946 overtok broren Anders Hansen Resvold 1889-1976.

Henrik Hansen Resvoll 1900-1981 tok over etter broren Anders i 1948. Henrik var gift med Inger Hansdotter Ulsanden 1899-1996, dotter til Hans Engebretsen Næbbneset f.1875 og Ingeborg Jakopsdtr. Bukkesteen f.1880. Henrik og Inger var tidlegare i nedre Kleiven i Nordheradsalmenninga, barna var:

Harald Dalestuen 1920-1967, g.m. Astrid Skredemellom 1928-2002
Hans 1926-2004, g.m. Petra Jotun 1928-2015
Gunnar 1929-2002, neste brukar

Gunnar Resvold f.1929 overtok i 1961, han vart 1950 gift med Ingeborg Huseeth, Lesja f.1925, dotter til Matias Huseeth f.1884 og Rønnaug Svingen f.1892. Gunnar og Ingeborg hadde 3 barn:

Reidun f.1950, g.m. Svein Selmo, 4 barn Rune f.1971, Geir f.1972, Jan f.1974, Kjell f.1981
Helge 1952-2012, neste brukar
Grethe f.1956, g.m. Geir Selmo

Helge Resvold f.1952 overtok i 1981.

Da Helge døydde overtok systersonen Jan Selmo f.1974 og ektefelle Cecilie Tronsgård Selmo f.1976, overtaking skjedde i 2012. Dei har 2 barn:

Therese f.1996
Lisa f.1998

Lisa f.1998 er sambuar med Sindre Ditlevsen Løkkem f.1993, dei har dottera
Vilde f.2019

I 1865 var det på Resvold 2 hestar, 12 kyr, 24 sauer, 6 geit og 2 grisar. Det vart sådd 5 tønner bygg og 4 tønner poteter.

Kjelder:

P.Ø.Kvarberg 2000: Slekter i Vågå og Lom, Slekten på Fellese med Helle, Helleløkken- og Resvoldrekken
Norske Gardsbruk 1953-1997
1881.no
Folketeljing 1865, 1875, 1900
Opplandsarkivet Vågå: avskrifter panteregister, kyrkjebøker, husmannspenger til kyrkja mm.

Hellelykkja

Hellelykkja gnr. 69 bnr. 5 ligg i øvre Nordherad mellom Helle og Resvoll.

Ein Hans Hellelyken er nemnd i 1744 da han fekk dottera Imbiør. Kanskje kan det vera Hans Hansen Valde n. 1721-1780 som var husmann før han overtok Helle etter onkelen sin i 1749.

Liste over husmannspenger til kyrkja nemner i 1776 Bonde Lyken og Hans Lyken. Dette kan vera far og son, og sonen Hans kan vera han som frå 1779 er husmann i søre Sandneshagen. Bonde Hellelycken er også nemnd i åra frå 1778 til 1780. Bonde Hansen 1725-1788 vart 1749 gift med Ragnhild Endresdotter, dei hadde truleg 4 barn:

- Hans f.1750
- Anne f.1752
- Hans 1754-1761
- Arne f.ca.1757

I lista over husmenn i 1780 er også nemnd Arne Bondesen, han vart 1781 gift med Ingelef Ingebretsdtr. f.ca.1746 og dei hadde barna Bonde f.1781, Ingebret f.1785, Hans f.1789 og Jon f.1793, det ser ut til at denne familien kom til Synslien.

Aaste Hansdotter Helle f.1747/48 død 1814 vart 1780 gift med Ole Olsen Holen f. 1752/53 død etter 1814, dei vart husmenn i Hellelykkja under Helle. Aaste var dotter til Hans Hansen Helle (frå Valde n.) 1721-1780 og Ingeborg Christensdotter Fellese 1726-1774. Ole Holen fekk bygsel på Hellelykkja i 1780, kontrakta vart tinglyst i 1784. Ole og Aaste hadde 3 barn:

- Imbjør f.ca.1781
- Ole f.ca.1788 d.1875, neste brukar
- Hans f.ca.1792 d.1858, g.m. Ingeborg Knutsdtr. Kaggerud f.ca.1789 d.1877, på Ulsanden n. treskjærar «Ulsandsnikkaren»

Ole Olsen Helleløkken f.ca.1788 d.1875, vart 1809 gift med Anne Olsdotter f.ca.1786 d.1855. Dei hadde 6 barn:

- Hans 1815-1899, g.1841 m. Kari Pålsdtr. Kveen 1818-1913, på Haug.
- Ingeborg 1818-1882, g.1857 m. Peder Andersen Ellingsbøeie 1818-1901, på Bergehaugen
- Knut 1821-1893, neste brukar
- Ola 1821-1894, g.m. Marit Knutsdtr. Lyngved 1825-1909. Dei budde i Hellelykkja og hadde 3 barn:
 - Knut 1849-1929 seinare Vole i Lom
 - Guri f.ca.1852 g.1874 m. Lars Larsen Kvehaugen f.1844
 - Anne 1859-1955
- Erik 1825-1825
- Erik d.y. 1828-1904, treskjæra

Knut Olsen Helleløkken 1821-1893 var gift med Anne Andersdotter Ellingsbøeie / Lysåker 1823-1919, dei hadde 5 barn:

Mari 1846-1899, g.m. Isak Iversen Brekken f.1839

Ragnhild 1851-1883, g.1876 m. Syver Tordsen Vistekleiven m. 1842-1900

Ole 1855-1952, g.m. Else Hansdtr. Kulbotten (Sel) 1873-1948, til Nesset

Anne 1859-1933, neste brukar

Pål 1870-1923, g.m. Marie Bakke (Grevrusten) 1881-1907, til USA, g.2.m. Amalie

Anne 1858-1932 vart i 1887 gift med Hans Olsen Ødegården 1862-1939, dei kom seinare til Runningen ovanfor Øy som dei kjøpte i 1913. Anne og Hans hadde 8 barn:

Anton 1886-1971, g.m. Marit Knutsdtr. Storviksøygarden 1898-1972

Marit 1888-1985, ugift

Kari 1889-1947, g.m. Hans Syversen Ryen 1888-1980, på Rydland

Ragnhild 1892-1979, ugift

Karen 1894-1954, g.m. John Nilsen Bergheim (Marstein n i Lom) 1885-1953

Pål 1896-1988, g.m. Sigrid Sveum 1905-1972, i Fjellvang

Ola 1898-1987, ugift

Knut 1900-1901

Ola Byre kjøpte i 1908 Hellelykkja Pål O Helle. Ola Olsen Byre f.ca.1858 d.1939 kom frå Einstulen og frå 1880-åra til han kom til Hellelykkja var han på Sør-Byre i Garmo. Ola vart 1881 gift med Sigrid Olsdtr. Grasdalen 1860-1906, dei hadde 11 barn:

Guri f.1881, g.m. Mathias Hansson f.ca.1884 på Storviksøygarden. Til USA.

Ola 1883-1883

Ola 1884-1960, g.1909 m. Rønnaug Olsdtr. øvre Byrkvea 1890-1957

Ole f.1886, neste brukar

Eli f.1888, til Amerika 1911

Kari f.1891, g.1910 m. Kristian Pedersson Nyhågå (Ringebu) f.ca.1887. Til USA.

Ivar 1893-1983, g.m. Inga Hovde 1903-1997, i Byre

Rønnaug 1896-1975, i Grasdalen

Anna f.1898, g.m. Karl Follinglo (Ringsaker)

Ragnhild f.1902

Gustav 1905-1906

Ola 1858-1939 vart gift på nytt i 1909 med Gunnhild Simensdotter Bjørgen 1872-1948. Dei hadde 2 barn:

Gustav

Ragnhild 1915-2004, seinare brukar

Ole Olsen Byre f.1886 overtok etter faren i 1938. I 1953 overtok halvsystema Ragnhild f.1915. Ho vart 1947 gift med Ragnar Grøslund (Modum) 1917-1951 son til Kristoffer Grøslund og Johanne Svendsen. Ragnhild og Ragnar hadde 3 barn:

Ola f.1947, neste eigar

Kolbjørn 1948-2017, g.m. Gro Brodin

Johanne f.1950, g.m. Nils Risa

Ola Grøslund f.1947 overtok i 1980, han vart 1973 gift med Anne Holden (Vestre Slidre) f.1947 dotter til Knut Wangensten Holden og Karoline Follinglo. Ola og Anne har 2 barn:

Ragnar f.1973

Kari f.1977

I 1865 var det i Hellelykkja 1 hest , 7 kyr, 12 sauer og 7 geit. Det vart sådd 1 ½ tønne bygg og 2 ½ tønne poteter.

Kjelder:

P.Ø.Kvarberg 2000: Slechter i Vågå og Lom, Slekten på Fellese med Helle, Helleløkken- og Resvoldrekken

Norske Gardsbruk 1953-1997

Folketelling 1865, 1875, 1900

Opplandsarkivet Vågå: avskrifter pantebøker, panteregister, kyrkjebøker, familieark, husmannspenger mm.

Jon Kolden 2000: Bygdabok for Lom 1

Fjellvang

Gnr. 69 bnr. 7 Fjellvang ligg ved Resvoll i øvre Nordherad og vart frådelt frå Helle i 1945.

Pål 1896-1988 Løkken/Runningen var frå Hellelykkja. Han var son til Anne Helleløkken 1859-1933 og Hans Olsen Ødegården 1862-1939, dei kom seinare til Runningen ovanfor Øy som dei kjøpte i 1913. Pål var gift med Sigrid Sveum 1905-1972 dotter til Johannes Sveum n. 1874-1948 og Kari f. Gjelbakken 1869-1951.

Pål og Sigrid bygde til seg i Fjellvang, dei hadde døtrene:

Astrid f.1935 g.m. Harald Gundersen f.1937

Klara f.1939 g.m. Kjell Kristiansen f.1940

Klara og Astrid overtok i 1977.

I 2012 vart Fjellvang seld til Øystein Ødegård f.1981. Han har sonen

Adrian f.2006

Øystein er sambuar med Live Holen f.1992.

Kjelder:

P.Ø.Kvarberg 2000: Slechter i Vågå og Lom

Panteregister, grunnbok

1881.no

Øvre Nordheradsvegen 374

Gnr. 69 bnr. 8, hus bygd på 1970-talet.

Eigar er Reidun Selmo f. Resvold f.1950, g.m. Svein Selmo f.1948, 4 barn:

Rune f.1971

Geir f.1972

Jan f.1974, overtok Resvold i 2012

Kjell f.1981

Kjelder: 1881.no

Øvre Nordheradsvegen 404

Gnr. 69 bnr. 9, bustadtomt utskild frå Helle.

Else f. Sveahaugen f.1957 og Ole Kristian Frydenlund f.1955 overtok dette i 1977.

Kjelder: 1881.no

Øvre Nordheradsvegen 406

Gnr. 69 bnr. 12, bustadtomt utskild frå Helle.

Gunhild f. Bakken f.1958 og Hans Ødegård f.1957 overtok dette i 1981. Dei har 2 barn:

Erik f.1978, sb.m. Anita Maurseth f.1972

Øystein f.1981, sb.m. Live Holen f.1992. I Fjellvang

Kjelder: 1881.no

Norske Gardsbruk 1953-1997

Øvre Nordheradsvegen 408

Gnr. 69 bnr. 13, bustadtomt utskild frå Helle.

Åse f. Valbjør f.1954 og Roger Næss 1949-2018 overtok dette i 1984. Dei har 3 barn:

Live f.1979

Mari f.1982

Rita f.1983

Eigedommen vart i 2018 seld til Orsolya Haarberg frå Ungarn og Erlend Haarberg.

Kjelder: 1881.no

